

Referat

Møte 1-2016 i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, 22.januar

Tid:	22.januar 2016
Stad:	Rådhuset Lindås kommune
Til stades:	Helga Ellingsen, Olav Mongstad, Leni Dale, Johan Sandal, Helge Kvam, Oddvin Neset Grete Herøy(etter kl.)
Ikkje møtt:	Mette Fauskanger, Ingebjørg Søreide
Møteleiar:	Johan Sandal
Referat:	Anne Hildegunn Færøy

Nr.	Sak	Ansv./tid
01/16	Innkalling og sakliste - godkjent utan merknader. Referat for Møte 10-2015, 9.desember godkjent med merknader til sak 64/15 -Flyktingarbeid i kommunane. Referat blir korrigert og sendt ut på nytt.	Alle
02/16	IKT <ul style="list-style-type: none"> Oppsummering 2015 – Plan/strategi 2016 Fokus/satsing i 2016 helse og omsorg <p>Sidan verken strategileiar eller leiar for IKT Nordhordland var til stades i møte vart det berre gitt ei kort orientering etter møte i strategigruppa og arbeidet med IKT strategiplan for interkommunalt samarbeid, og litt om utfordringar når kommunane skal samarbeida om løysingar og bruk av felles system. Olav Mongstad gav denne orienteringa.</p> <p>Det kjem tydeleg fram at forankring og behov for ressursavklaringar er sentralt i arbeidet og at dette er eit prosjekt som må styrast av rådmannsgruppa</p> <p>Saka vert sett opp igjen til neste møte . Johan inviterer Arthur Reinertsen og Thomas Rønn-Aar til andre del av møtet 17.februar.</p>	
03/16	Handlingsplan NH og SU 2016 Gruppa hadde ein gjennomgang av Handlingsplan 2016 for Samarbeidsutvala(SU) mellom kommunar og helseføretak og vurderte denne opp mot Handlingsplan for interkommunalt samarbeid. Gruppa er einig om at det må gjerast ei vurdering av kva saker som må samordnast. Det vart stilt spørsmål ved korleis sikre forankring, koordinering og god nok kommunal involvering av arbeidet med tiltaka. Gruppa meiner kommunane bør vurdere å få på plass ein underutvalsstruktur slik dei held på å etablere i Bergen kommune. Eventuelt vurdere om dette kan koplust til fagråd og nettverk som er etablert, og evt vurdere om gruppene skal supplerast med ressursar frå spesialisthelsetenesta. Det vert sendt ut oversikt over fagråda og nettverka som er etablert.	

	<p>Konklusjon etter gjennomgang av Handlingsplan SU: Gruppa tar planen til vitande og ser at tiltak her er tatt med i eigen handlingsplan.</p> <p>Handlingsplan for interkommunalt samarbeid: Det bør vurderast om det er fleir tiltak innan temaet kompetansebygging som skal inn i planen. Viktig at tiltak vert sett i samanheng med framtidige behov og dei kommunale strategiske kompetanseplanane. Det kan vere hensiktsmessig at fagråda får ansvar for å arbeide vidare med dette. Det er behov for å få ein status for arbeidet med Rehabilitering. Gruppa ønskjer å invitere Terese Folgerø, kommuneoverlege i Lindås for å drøfte dette.</p>	
04/16	<p>PLO Rus og psykiatri . Nasjonale føringar gir kommunane felles utfordringar framover – nye oppgåver og endra ansvar for kommunane frå 2017 er eit tema i Primærhelsemeldinga, særleg retta mot krav til kommunale døgnplassar til øyeblikkelig hjelp og etablering av ACT-team samansett av ressursar frå kommune og spes.h.tenesta.</p> <p>Konklusjon: Gruppa vil ha dette inn som eige punkt i Handlingsplan for 2016. Invitere leder for DPS råd og leder for fagrådet Gruppa vil tilrå at det vert søkt om skjønsmidlar å vurdere behov og tiltak, planleggja og koordinera arbeidet. Ber om at NUI saman med ressurs frå kommunane førebur innhald i ein slik søknad. Helga Ellingsen tar kontakt med leiar for psyk.helse og rus i Masfjorden som blir spurd om å bidra i arbeidet.</p>	AHF/HE
05/16	<p>Flyktningarbeid framover Status for arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mottaket i Radøy er sett på vent. Avtale mellom byggeigar og ansvarleg for drift av mottaket er ikkje på plass. - Lindås kommune(LK) og bruk av Lune huler er sett på vent. Det er planlagt for opning av mottaket i februar. - LK har rigga helseteneter for å ta i mot flyktningar og asylsøkjjarar. <p>Det interkommunale nettverket for flyktningarbeid har hatt første møte. Referat frå møtet er sendt ut til gruppa. Nettverket etterspør korleis dei kan etablere kontakt med opplæringssektoren? Kommunalsjefgruppa meiner at nettverket må knytte til seg og ta kontakt med dei ressursane og fagmiljøa som det er hensiktsmessig å ha kontakt med. Dette vert meldt tilbake til gruppa. Leiar for nettverket blir invitert til eit seinare møte i gruppa. JS og AHF ta ansvar for å finne eigna møte til dette.</p>	JS/AHF
06/16	<p>Kommunane si oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. Grete viser til spørjeskjema som er sendt til kommunane i desember. Kven i kommunane driv med dette? Kvar av medlemmene sa litt om status i eigen kommunen, for dei som kjente til det. Fleire kommunar har eigne folk til å arbeide med dette. Masfjorden har laga ei oversikt over helsestilstand og påverknadsfaktorar og kan dela det med dei som ønskjer innspel til arbeid med dette i eigen kommune.</p>	
07/16	<p>Presentasjon av Helsehuset Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om og viste skissene som er teikna av helsehuset. Gruppa takka for orienteringa og ønskje å bli halden orientert om utviklinga i prosjektet.</p>	AHF
07/16	<p>Møteplan 2016 Møte 1 22.01.16 Møte 2 17.02.16 m Adm. nemnd legevakt Møte 3 08.04.16 - er flytta til 6.april. Møte 4 25.05.16 m Adm. nemnd legevakt</p>	AHF

	<p>Møte 5 17.06.16 Møte 6 02.09.16 m Adm. nemnd legevakt Møte 7 14.10.16 Møte 8 11.11.16 m Adm. nemnd legevakt Møte 9 02.12.15 Anne Hildegunn Færøy sender ut kalenderinnkalling til møta.</p>	
08/16	<p>Ymse 1. Kort orientering frå Nasjonal Helsekonferanse 20.januar i Oslo 2. Orientering frå Toppleiarmøte 3. Fagråd for Pleie og omsorg. Har ikkje hatt møte det siste året. Korleis revitalisere dette fagrådet? Lage kart over alle fagråd/nettverk som eit grunnlag for vidare arbeid. Anne Hildegunn sender ut oversikt over nettverk og fagråd som er etablert og kva mandat dei har fått.</p>	